

Hordabø skulemusikkklag

SØKNAD OM KOMMUNAL STØNAD TIL VIDAREUTVIKLING AV HORDABØ SKULEMUSIKKLAG

Hordabø skulemusikkklag Generasjonskorps (HSML) femnar om skulekrinsane Austebygd og Hordabø nord på Radøy. Skulemusikklaget heldt på å mista all rekruttering for nokre år sidan, og det såg då mørkt ut for 17. mai toga i desse krinsane. Etter ein skikkeleg dugnadsinnsats av mange i begge krinsane er HSML no blitt eit vitalt generasjonskorps der både foreldre til aspirantar og musikantar er med. Fundamentet for korpset er sann speglede og godt samhald.

Men også andre vaksne frå desse to skulekrinsane er med på dugnad. Dermed er innbyggjarane i desse skulekrinsane så heldige at dei har eit korps som kan spela på 17. mai i år også. Eit av måla me no har sett oss er igjen å få eit skulekorps i desse krinsane i tillegg til generasjonskorpset. Det ser no svært lovande ut då det no er totalt seks førsteårsmusikantar og åtte aspirantar i tillegg til dei 10 musikantane under 19.

Gjennom skuleåret har HSML følgjande aktivitetar:

- Øving kvar måndag
- Ekstraøvingar og helgeseminar i samband med konserter og konkurransar
- Gjennomsnittleg to basarar
- Julekonsert i Hordabø kyrkje
- Deltaking på festgudsteneste i Hordabø kyrkje Julaftan
- Skipar til huskonserter
- Medlemmar i HSML spelar på skuleavslutningar og foreldresamlingar på Austebygd skule
- Deltek på ulike dugnadar (til dømes: Havsportveka, Hordabøhallen, Sykkelrittet Nordhordland Rundt, Lionsaksjonen)
- 17. mai i begge skulekrinsane og Festgudsteneste 17. mai.
- Familiedag i Bøvågen
- Korpsturar
- Konkurransar (Sotrafestivalen, Mangerfestivalen, Hordablæsten, NM)
- Spelar på Risnesdagane
- Show (i 2015 ABBA)

Korpset kom i fjor på 1. plass i Hordablæsten, som generasjonskorps. I år kom korpset på 2. plass. No nyleg hadde også korpset eit ABBA-show som fekk svært god dekning og god plassering i lokalavisene: http://www.nordhordland.no/Mamma_mia_for_eit_supert_show-5-33-11970.html og <http://www.strilen.no/incoming/ABBA-pa-Hordabo-284914.html>

Dette syner den store dugnadsviljen hjå innbyggjarane i desse skulekrinsane for ikkje berre å halda korpset i gang, men også utvikla kva eit skulekorps kan ha på repertoaret sitt. Dette showet viste nettopp at eit skulekorps kan spela annan musikk enn tradisjonell brassmusikk og gjera dette

interessant for eit breiare publikum. Like viktig er det at korpset greidde å involvera andre lokale, musikalske krefter som også viste støtta si gjennom å stilla opp på dugnad for HSML. Hovudinntektskjelda desse siste åra har vore basarar og loddosal. Og i år hadde med ABBA-show i staden for den årlege vår-basaren. På den andre ABBA-konserten fekk HSML ei svært generøs gave på kr. 50 000 frå ein lokal hjørnesteinverksemrd.

Korpset har behov for mange nye instrument som ein følgje av aukande tal på musikantar under 19 år og eit stort behov for å skifta ut mange instrument i ulike instrumentgrupper. Det å ha eit skikkeleg og godt instrument som fungerer, er også svært motiverande for alle musikantane. For å utvikla seg har HSML behov for å delta på fleire speleoppdrag, noko som aukar kostnadane til reise og opphold for musikantane. Dette er viktig for å halda fram den positive utviklinga korpset no har.

Hordabø skulemusikklag søker med dette om kr. 80 000 til vidareutvikling av skulekorpset vårt. Me vonar at Radøy kommune ser den gevinsten det er for desse lokalsamfunna å ha dette svært aktive og rike musikkmiljøet. HSML er gode ambassadørar for Radøy kommune og er med på å stadfesta Radøy som ein kulturmommune. Dugnadsinnsatsen skal sjølv sagt leva vidare, fordi den også har ein positiv eigenverdi for alle involverte: aspirantar, musikantar, foreldre og innbyggjarane i krinsane våre.

Med viss om snarleg og positivt svar!

Styret ved leiar Vibeke Namtvedt (leiar i HSML)